

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet vil arbeide for å styrkje den lokale forankringa av arbeide med skjøtsel og tilrettelegging av arkeologiske kulturminne i Hordaland.
2. Fylkesutvalet vedtek følgjande retningsliner for Bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminne (BARK) i Hordaland:

Føremålet med ordninga:

Målet med ordninga er at eit representativt utval av arkeologiske kulturminne og kulturmiljø skal sikrast gjennom langsiktig skjøtsel og gjerast tilgjengelig for publikum innan 2020. Ordninga gjev midlar til skjøtsel, restaurering og formidling og tiltak som gir auka tilgjenge eller som medverkar til å avgrense slitasten på kulturminna. Tiltak der mellom anna lokalt engasjement og særlege opplevings- og formidlingsverdiar er knytte til kulturminna skal prioriterast.

1. Kven kan søkje?

- Kommunar som har vedtatt eller har starta opp arbeid med ein kulturminneplan kan søkje.
- Museum eller andre lag eller organisasjonar i kommunar, jf. punkt 1, kan søkje i samråd med kommunen.

2. Kva kan ein søkje om?

- Det aktuelle tiltaket må vere på lista over utvalde arkeologiske kulturminne i Hordaland. (Ved ynskje om tiltak på kulturminne som ikkje er på lista må dette avklarast separat med Hordaland fylkeskommune i god tid før ordinær søknadsfrist).
- Grunnvilkåra for tilskotsordninga er slått fast gjennom rundskriv T-1/13 *Tilskotsordningar for 2014*. Om søknader som fyller grunnvilkåra skal verte tildelt tilskot beror på ei heilskapleg vurdering med utgangspunkt i føremålet med ordninga. Det skal leggjast vekt på følgjande moment (i uprioritert rekkefølge):
 - a) Tiltak med særlege høge opplevingsverdiar og stort formidlingspotensiale.
 - b) Tiltak med stort lokalt engasjement.
 - c) Tiltak i kommunar der det ikkje tidlegare er skjøtta- og tilrettelagte arkeologiske kulturminne.
 - d) Tiltak med universell utforming.
 - e) Kulturminne som er prioriterte av kommunane.

3. Avgjerdsmynde:

Kultur- og ressursutvalet avgjer kva søknader som skal prioriterast etter innstilling frå fylkesrådmannen.

4. Søknadsfrist:

Søknad vert sendt Hordaland fylkeskommune v/kultur- og idrettsavdelinga innan 1. desember.